

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF  
**DATO:** 27.03.17  
**SAKSHANDSAMAR:** Reidun R. Mjør  
**SAKA GJELD:** **Oppfølging av internrevisjon uønskete hendinger**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 26/17

**STYREMØTE:** 03.04.17

**1 vedlegg:** Oppdatert handlingsplan for oppfølging av uønskete hendinger

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tek administrerande direktør si oppfølging av internrevisjonsrapporten «Handtering av uønskete hendinger i Helseføretaka» frå Internrevisjonen i Helse Vest RHF til etterretning

## Bakgrunn for saka

I styresak 26/16 vart styret i Helse Fonna orientert om internrevisjon gjennomført i Helse Vest RHF knytt til system for handtering av uønskte hendingar i føretaka. Føremålet med revisjonsprosjektet var å undersøkje i kva grad føretaka har hensiktsmessige retningslinjer og prosessar for handtering av uønskte hendingar, korleis desse fungerer i praksis og på kva måte avviksmeldingane blir brukte til læring. Rapporten frå internrevisjonen blei gjennomgått i styremøte 29.04.16 og var lagt ved innkallinga til styremøtet.

Med utgangspunkt i tilrådingar i revisjonsrapporten vart det utarbeida ein handlingsplan i Helse Fonna for handteringa av uønskte hendingar. Denne blei behandla i styresak 26/16 og i ettertid sendt til internrevisjonen i Helse Vest RHF.

## Oppsummering rapport

Hovudkonklusjonen i rapporten var at føretaka langt på veg har tilfredsstillande prosessar for melding og saksbehandling, men systemverktøyet Synergi og den regionale forvaltinga av dette er ikkje optimal.

Revisjonsrapporten konkluderte med tilrådingar for å styrke føresetnadane for ein aktiv bruk av Synergi til styring og oppfølging av uønskte hendingar og peikar på å vurdere auka regional innsats i ei felles tilnærming til styring og oppfølging. Internrevisjonen si tilråding var:

- Det pågåande nasjonale arbeidet med å forenkle klassifiseringa i Synergi bør følgjast opp i Helse Vest, slik at kategorivala i systemverktøyet vert meir hensiktsmessige.
- Det bør vurderast å gjere Synergi sin funksjon for risikovurdering obligatorisk å bruke for alle typar uønskte hendingar. Det bør utarbeidast klare kriterier for korleis risikoen skal vurderast.
- Leiinga både i helseregionen og i føretaka bør vurdere tiltak for å gjere linjeleiinga betre i stand til å bruke Synergi som styringsverktøy (rapportuttak, analyser).
- RHF-et bør ta initiativ til å etablere regionale samarbeids fora og regelmessige møtepunkt.
- Regionen bør søke å avklare kva som kan utviklast av regionale retningslinjer, felles mål, felles kvalitetsindikatorar for saksbehandlinga og felles praksis - til dømes om ein skal innføre felles maksimal saksbehandlingstid.

Tilrådingane er kommenterte i revidert handlingsplan for oppfølging av revisjonsrapporten.

### **Handtering av uønskete hendingar i Helse Fonna**

I Helse Fonna har det vore ei positiv utvikling i forhold til handtering av uønskete hendingar. I februar 2017 kom det på plass eit system for automatisk purring til saksansvarlege som har saker der tidsfristen har gått ut. Det blir forventa at dette tiltaket kombinert med ny runde opplæring for leiarane vil gje effekt i form av kortare saksbehandlingstid. Målsettinga er å saksbehandla Synergi-meldingar fortløpande, dokumentera iverksette og planlagde tiltak og gje meldar ei raskast mogeleg tilbakemelding.

Revisjonsrapporten peika på at det framleis er ei underrapportering av uønskete hendingar i føretaka. Dette har òg vore situasjonen i Helse Fonna. Utvikling i tal meldingar dei siste månadane gjer håp om vi gradvis klarer å betre meldekulturen blant medarbeidarane. Bruk av Synergi for å melde om avvik og uønskete hendingar er tema på interne møter og fagsamlingar, og retningslinjer og prosedyrar er tilgjengelege elektronisk. Det vert dessutan forventa at ei raskare tilbakemelding til meldar om konkrete tiltak vil motivera til å melda.

Synergi-meldingar blir i aukande grad nytta til lærings- og forbettringsføremål i opplæringssituasjonar. Kvalitetsutvalet i Helse Fonna går gjennom både enkelthendingar og endringar i forhold til kva type saker som vert melde. Enkeltsaker som er melde til Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta med bakgrunn i Spesialistheletenestelova §3-3 blir publiserte på nettsidene til føretaket.

Oppdatert handlingsplan blei sendt 20.03 til Internrevisjonen i Helse Vest med atterhald om at saka skulle handsamast av styret i Helse Fonna 03.04.17.

**Fra:** Humberset, Bård (bard.humberset@helse-vest.no)

**Sendt:** 09.03.2017 10:44:07

**Til:** Helse Vest, Postmottak; Postboks, HST, Postmottak Helse Stavanger; Postboks, HBE, Postmottak Helse Bergen; Postboks, HFO, Postmottak; Postboks, HFD, Postmottak Helse Førde

**Kopi:** Lie, Lene

**Emne:** Oppfølging av internrevisjonsrapport «Handtering av uønskete hendingar i helseføretaka» (2015/1770)

**Vedlegg:**

Helse Vest

Helse Stavanger

Helse Bergen

Helse Fonna

Helse Førde

v/adm. dir.

### **Oppfølging av internrevisjonsrapport «Handtering av uønskete hendingar i helseføretaka» (2015/1770)**

Rapporten frå internrevisjonen i Helse Vest er datert februar 2016 og vart framlagt i føretakstyra i perioden mars-mai 2016.

Internrevisjonen har som rutine å følge opp rapportane ei viss tid etter styrebehandling. Av di enkelte av aktivitetane i føretaka sine handlingsplanar skulle gå før seg ut 2016, har vi valt å utsetje vår oppfølging fram til no.

Vi ber med dette om ei tilbakemelding som beskriv kva som er gjort frå kvart føretak si side innan dei tema rapporten tok opp. Føretaket bør her sjå til tilrådingane i rapporten og den handlingsplanen som vart framlagt for styret.

Vi ber om at tilbakemeldinga ligg førre innan 20.03.2017. Bruk gjerne den handlingsplan som vart utarbeidd i fjor og utfyll den med ei ny statuskolonne. Det kan og vere fornuftig av føretaket å legge tilbakemeldinga fram for eige styre i etterkant.

Med helsing,

#### **Bård Humberset**

Leiar for internrevisjonen

Helse Vest RHF

.....

Nådlandskroken 11, Stavanger

Postadresse: Postboks 303, 4066 Stavanger

Mobil: 920 18 377 | | Direkte: 51 96 38 59 | | Faks: 51 96 38 01

E-post: bard.humberset@helse-vest.no

Nett: [www.helse-vest.no](http://www.helse-vest.no)

*(Vi sender dette brevet berre i form av denne e-post)*

**Handlingsplan Helse Fonna HF****- Oppfølging av revisjon «Handtering av uønskete hendingar i helseføretaka 2015»**

IR si tilråding	AD si vurdering	Tiltak	Status	Ansvar
1. Det pågåande nasjonale arbeidet med å forenkla klassifiseringa i Synergi bør følgjast opp i Helse Vest, slik at kategorivala i system-verktøyet vert meir hensiktsmessige.	Føretaket støtter tilrådinga. Ei forenkla klassifisering vil letta og dermed styrka det hendingsrelaterte førebyggjande arbeidet, sæleg dei pasientrelaterte hendingane.	Lokale tiltak blir planlagt når nasjonale avklaringar og tilpassingar er gjort.	Arbeidet pågår nasjonalt. Helse Fonna avventar i forhold til lokale oppfølgingstiltak.	
2. Det bør vurderast å gjere Synergi sin funksjon for risikovurdering obligatorisk å bruke for alle typar uønskete hendingar. Det bør utarbeidast klare kriterier for korleis risikoen skal vurderast.	Føretaket støtter denne tilråding, men meiner at ansvaret for risikovurdering må leggjast til sakshandsamar i Synergi og ikkje til den som registrerer hendinga. Dagens løysing for risikovurdering må gjerast meir brukarvenleg og tydeleg i forhold til graderingar dersom vurdering skal kunna gjennomførast av alle tilsette. Det er viktig at eit eventuelt krav om obligatorisk risikovurdering ved registrering av uønskete hending ikkje fører til høgare terskel for å melda. Tidsintervall og graderingar i risiko-vurderinga må definerast tydeleg, slik at vurderingane vert mest mogeleg eintydige. Dersom funksjonen i Synergi for risikovurdering vert gjort obligatorisk, må det vera ein føresetnad at det kan	Lokale tiltak blir planlagt når nasjonale avklaringar er gjort.	Arbeidet er ikkje slutført regionalt. Avventar i forhold til lokale oppfølgingstiltak.	

	hentast ut rapportar der hendingar kan sorterast etter til dømes alvorsgrad og fare for gjentakning.			
3. Leiinga både i helseregionen og i føretaka bør vurdere tiltak for å gjere linjeleiinga betre i stand til å bruke Synergi som styringsverktøy (rapportuttak, analyser).	<p>Føretaket støtter tilrådinga. Føretaket er i gang med arbeidet med å vidareutvikle Synergi som ein del av styringssystemet.</p> <p>For å kunna nytta Synergi som styrings- verktøyer det vesentleg at systemet er enkelt å bruka, spesielt ved rapportuttrekk og samanstilling av data.</p>	<p>Der er et pågåande arbeid i Kvalitetsutvalet (KU) «med fokus på tiltak» Dette arbeidet fokuserer på tiltak og tiltaka sin forventa effekt.</p> <p>I møta i KU er det ein regelmessig gjennomgang av uønskete pasientrelaterte hendingar, fordelt per klinikk. Dette arbeidet vil blir vidareutvikla med fokus på rapportoppbygging for å betre arbeidet med oppfølging av uønskete hendingar.</p> <p>Kurs og opplæringsarbeid.</p>	Arbeid pågår i føretaket.	AD Klinikk- og områdedirektørar
4. RHF-et bør ta initiativ til å etablere regionale samarbeidsfora og regelmessige møtepunkt.	Føretaket støtter tilrådinga.	<p>Føretaket har per i dag definerte medarbeidar som ivaretek rolla som systemansvarleg og eiger av Synergi.</p> <p>Ved oppretting av eit regionalt samarbeidsfora ønskjer føretaket å delta med relevante medarbeidar.</p>	Regionalt samarbeidsfora er under etablering. Helse Fonna vil delta.	

<p>5. Regionen bør søke å avklare kva som kan utviklast av regionale retningsliner, felles mål, felles kvalitetsindikatorar for saksbehandlinga og felles praksis til dømes om ein skal innføre felles maksimal saksbehandlingstid.</p>	<p>Føretaket støtter tilrådinga.</p>	<p>Det er inga lokale tiltak spesifisert per i dag, men sakshandsamingstida inngår som en del av tiltaka omtalte i p.3. Føretaket deltek gjerne i arbeidet med å utvikle regionale retningslinjer, felles praksis, felles mål og felles kvalitetsindikatorar for saksbehandling.</p>	<p>Arbeidet er ikkje sluttført regionalt. Avventar i forhold til lokale oppfølgingstiltak.</p>	
---	--------------------------------------	--	--	--